# Kyrkjetonar

Kyrkjeblad
for Tysvær
Prestegjeld,
Bokn,
Førresfjorden,
Nedstrand
og Tysvær sokn

NR. 4 – 2001 – 43. ÅRGANG – UTGJEVE AV SOKNERÅDA

**Ein julenøtt på kyrkjebakken** s. 3

**Ei festveke! Bispevisitasen 2001** s. 4-6

**Silgjerd søndags-skule** s. 7

**Tysvær: Ny del av kyrkjegarden vigsla** s. 7

**Helsing frå Etiopia** s. 8

**Helsing frå Mali** s. 9

**Nye sokneråd** s. 10

**Kort nytt frå fjern og nær** s. 10 og 12

**Om forsidebildet** s. 11

**Gudstenester i advent, jula og det nye året** s. 15-16



Tysvær Prestegjeld

**KYRKJEKONTORET FOR BOKN, TYSVÆR OG FØRRESFJORDEN SOKN**

**AKSDAL KYRKJE**
Tlf. 52 77 07 99, telefaks 52 77 07 88
Ekspedisjonstid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 10-13

**SOKNEPREST ARNE AURDAL**
Tysvær sokn og Bokn sokn
Aksdal kyrkje, tlf 52 77 07 99
Kontortid: Tysdag og onsdag kl 10-12
Ellers etter avtale. Privat tlf. 52 77 71 51

**KAPELLAN HELGE S. GAARD**
Førresfjorden menighet
Aksdal kyrkje, tlf 52 77 07 99
Kontortid: Tysdag og onsdag kl 10-12
Ellers etter avtale. Privat tlf. 52 77 58 30

**KATEKET ARNE M. HANSSEN**
Tlf 52 77 07 99, kontortid tysdag kl 10-12
Ellers etter avtale. Privat tlf. 52 71 35 68

**KATEKET MARIT SOFIE TEISTEDAL VIKRE**
Tysvær Soknehus, tlf 52 77 11 88,
privat 52 77 72 78

**ORGANISTAR:**
Kari Undheim, tlf 52 77 38 37
Stein Johannes Kolnes, tlf. 52 77 40 05
Magne Kristoffersen, tlf 52 77 35 30

**KYRKJEVERJE FOR TYSVÆR KOMMUNE:**
Terje Fjeldheim
Aksdal kyrkje, tlf 52 77 07 99

**KYRKJETENAR I TYSVÆR SOKN:**
Ingebrigt Lundervold, tlf 52 77 71 48

**KYRKJETENAR I FØRRESFJORDEN MENIGHET:**
Målfrid Høie, tlf 52 77 36 88

**KYRKJEVERJE OG KYRKJELYDSSEKRETÆR I BOKN:**
Svanhild Alvestad, tlf 52 74 84 24

**KYRKJETENAR I BOKN SOKN:**
Odd Grønnestad, tlf 52 74 84 03

**ORGANIST I BOKN SOKN:**
Karina Lervik

**KYRKJEKONTORET FOR NEDSTRAND SOKN,**
Nedstrandtunet,
tlf. 52 75 79 10, telefaks 52 75 79 11
Kontortid: tysdag til fredag kl 09-12

**KAPELLAN DAG TORMOD MILJE**
Tlf. 52 75 79 10, privat 52 77 81 80

**KYRKJETENAR I NEDSTRAND SOKN:**
Odd Topnes, tlf 52 77 97 19

# Redaktørens hjørne



Dette nummeret av Kyrkjetonar er advents- og julenummeret for 2001. Les gjennom det i adventstida, ei tid då me alle treng meir tid til ettertanke, og ei tid som kyrkja markerer ved gudstenester og andre arrangement utover i desember. La bladet liggja framme i jula, og bruk det som eit julehefte med innhald! Om ein månad viser kalenderen år 2002, og i bladet finn du også opplysningar om gudstenester m.v. i det nye året.

Når det går mot jul og enda eit årsskifte, går tankane våre til medmenneske både i bygd og menighet lokalt og i andre deler av verda. Her lokalt har me mykje å gleda oss over. På annan plass i bladet finn du omtale av bispevisitasen i oktober, med så fine arrangement at sjølv bots- og bededag blei ein festdag i kyrkja! Vårt ansvar for andre menneske ute i verda avspeglar seg ved at nokre av menighetene våre aktivt støttar misjonsarbeid i Mali og Etiopia, – også dette kan du lesa om her i bladet.

Andre hendingar i verdssamfunnet ligg i utkanten av det som er emne i eit lokalt kyrkjeblad, men likevel: Land i den såkalla "kristne" delen av verda – om noko slikt finst – har reagert på ei grufull terrorhandling ved å svara på terroren med meir terror. Bombing har enda ein gongført til eit liv i redsle og kaos- for uskuldige og fattige barn og kvinner. I tillegg til dei militære måla har matvarelager og mineryddingsstasjonar blitt øydelagt, og familiar har flykta til eit tilvære i det uvisse, under open himmel eller i telt, i sandstorm, snø og kulde, og utan fast tilgang på mat og vatn. Det er å håpa at situasjonen for ein del av desse har tatt til å betra seg når dette bladet kjem fram til lesarane, men det veit me ikkje i skrivande stund.

Jesus avviser konsekvent hemn som ei heidensk og gamaltestamentleg handling som eigentleg er i strid med Guds vilje. "De har høyrt at det er sagt til de gamle......, men eg seier dykk...". Paulus sende brev til ein kyrkjelyd som ikkje alltid la vinn på å leva etter Jesu ord, og skreiv: "For dykkar skuld vert Guds namn spotta mellom heidningane." Det skulle vera lett å sjå at dette også gjeld oss, – og i stor målestokk – om me ikkje motarbeider overgrep mot våre medmenneske.

"....og fred på jorda, blant menneske som Gud har hugnad i." Kva tid skal me ta heile evangeliet på alvor?

*Sigbjørn Berentsen*


## Kyrkjetonar

kjem ut med 4 nummer i året: mars, juni, september og desember.
Redaktør: Sigbjørn Berentsen, Grovamyr 21, 5570 Aksdal,
tlf. privat 52 77 54 50, e-post: sigbjorn.berentsen@c2i.net
Post til redaksjonen kan også sendast Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal,
tlf. 52 77 07 99, faks 52 77 07 88.
I redaksjonen: Sigve Djursvoll, Arnt Kåre Rolland, Ellen Ellingsen, Sigvart Våga.
Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold, tlf. 52 76 21 22.
Girokonto 0531.49.46091. Frivillig kontingent kr. 100,-.
Ekspedisjon: Karen Kvalheim, Hinderåvåg, 5560 Nedstrand, tlf. 52 77 84 73.
Internett-utgåve: http://www.tysver.kommune.no/kyrkja, lenke til Kyrkjetonar
Grafisk produksjon: A1 Grafisk Karmøy Trykkeri.

# «Bitte lite, men veldig stort?»

*av kateket og forenings-sekretær Arne Hanssen*

Hvorfor ikke begynne med en julenøtt:
Hva er det som på en og samme gang kjennes som både veldig stort og veldig lite?
Svar: Et nyfødt barn.

Et nyfødt barn er lite og helt ubehjelpelig. Det er forsvarsløst. Det er helt avhengig av de store menneskene, de voksne, sin godhet. Men samtidig er det lille nyfødte barnet stort og uutgrunnelig. Vi aner at det inneholder en hel verden av utenkte tanker, udekkede behov og følelser. En hel verden av muligheter. Ja, allerede det nyfødte barnet har ubendige krefter der det ligger og hyler helt til det får viljen sin…? Og selv den lille kroppen, så liten som den er, har millioner av celler og nervetråder, og kroppsdeler så innviklet laget at vitenskapen ennå ikke har utforsket alle dens gåter.

Så bitte lite, men samtidig så ubegripelig stort.

Nå er det igjen jul. Nå hører vi ennå en gang høre hvordan den Uendelige, den Utenkelige, den store, store Gud, gjorde seg så liten at han ble et nyfødt barn. Den allmektige Gud underla seg sine egne naturlover. Den uendelige Gud ble avhengig av sol og måne og vind og regn. Den utenkelige Gud ble en liten gutt som ble trett og sovnet om kvelden. Som ble sulten, og mett fra sin mors bryst, og som trengte Josefs og Marias beskyttelse.

Sannheten om at et nyfødt barn er samtidig bitte lite, og noe veldig stort – gjelder i enda større grad Guds egen Sønn! Juleunderet blir ikke mindre om man grunner på realismen i at Gud ble menneske, tvert imot!

Det står om Jesus da han red inn i Jerusalem (for å korsfestes): "Ydmyk kom han, og ridende på et esel". En ydmyk Gud, ja, nærmest en underlegen Gud, var det som gjorde sin entré første julenatt…: Et barn, en fattig, en flyktning, en hjemløs, en foraktet, en avvist, en korsfestet…!

"Når den engelske dronningen gjester et annet land, har hun minst to tonn bagasje med seg; blant annet to klesskift for hver anledning, tyve liter blodplasma og toalettbeskyttere av hvitt geiteskinn. I tillegg har hun med seg egen frisør, to kammertjenere, livvakter og en mengde andre hjelpere. I saktmodig kontrast til dette fant Guds ankomst til


Arne Hanssen

jorden sted i en stall uten en eneste tjener til stede, og ikke noe annet enn en krybbe å legge den nyfødte kongen i. Den begivenhet som delte historien og endog kalenderen i to, hadde faktisk flere dyr enn mennesker som tilskuere. Et esel kan ha tråkket på ham." (Philip Yancey)

Men fordi Gud ble menneske, er ingen små gutter, eller jenter, oss likegyldige.
Heller ikke voksne kvinner og menn. Jesus har identifisert seg med oss. Han ble en av oss. Han har på en måte gjort alle mennesker til sine nærmeste slektninger. Også deg. Også meg.
Han ble en av oss. Men samtidig ble han den av oss – som aldri går forbi noen som lider. Han ble den av oss – som levde slik Gud vil.

Og det er vår redning – når ikke vi får det til. God jul!

# JESUS VERT FØDD

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herbyrget.

Det var nokre gjetarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, sto ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælande redde. Men engelen sa til dei: "Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe."

Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen. Dei lova Gud og kvad:

"*Ære vere Gud i*
*det høgste,*
*og fred på jorda,*
*blant menneske*
*som Gud har*
*hugnad i!*"



Evangelisten Lukas
(Luk. 2, 1-14)

# Bispevisitas i Tysvær prestegjeld

**23.-28. oktober**

*Festveke med ettertanke og framtidsplanar*
*På desse sidene finn du nokre glimt frå bispevisitasen i oktober i år.*



*Mange frammøtte på arrangementa i Bokn når visitasen først kom i gang*

**BOKN: SEIN START, MEN FIN VISITAS**
Sist det skulle vore bispevisitas, gjekk det som kjent svært ille. No, som då, starta visitasen for Tysvær prestegjeld i Bokn.

Den skulle ta til med open bønesamling i Bokn kyrkje kl 08.45, men ferja var innstilt på grunn av maskinskade. Så starten vart over ein halvtime forseinka, noko som ikkje gjorde så mykje. At dette var ei open samling må ha gått folk forbi, for det var mest berre staben som var der – staben i heile prestegjeldet.

Seinare var det som det skulle vera, kontakt med skule og kommuneleiing, avslutta med middag på "Sjøhuset" i Alvestadkroken for formannskap og sokneråd. Biskopen hadde så ein samtale med både det gamle og det nyvalde soknerådet.

Kl 19.00 var det fest for alle på Bokn bedehus, der det var fullsett sal då soknerådsleiar Solveig Våga ynskte velkomen. Her fekk me mykje fin song av barnekoret, av songkvartetten og av Bokn Songlag. Så her var dei ymse livsfasar med. Og så sjølvsagt tale av biskopen.

Det som gjorde festen litt utanom det vanlege var speidarane. Speidar–arbeidet står sterkt i Bokn, og dei hadde ein del av programmet her òg. Det var opptak av "meiser" og "ulvungar" i ein høgtideleg seremoni. Høgdepunktet var då biskopen vart oppteken som æresmedlem hjå ulvungane.



*Solveig Våga knyter ulvungeskjerfet på biskopen*

Så var det ned i matsalen – pølse og brød, og sidan kake. Ein gild kveld.
*Sigvart Våga*

**FESTKVELD I TYSVÆR SOKNEHUS**
At biskopen framleis er ein person folk gjerne vil sjå og høyra, fekk vi eit synleg prov på i Tysvær soknehus onsdag 24.oktober. Huset var fylt til siste plass av folk i alle aldrar. Festen var eit arrangement for Tysvær og Førresfjorden kyrkjesokner.

Ingunn Moi leia festen på ein framifrå måte. Først var det ei kort opning ved Signe Eike. Dei unge, representert ved songkoret One way, dansegruppa On line og dramagruppa Joy, var eit friskt innslag med song, dans og drama. Særleg for oss eldre vil det nok ta si tid å venja seg til desse nye utrykksmåtane. I alle høve vart dei godt mottekne av forsamlinga.

Eit nytt innslag i denne visitasen var at dei unge fekk biskopen fram på podiet, der dei fyrte laus med spørsmål om ymse emne. For referenten sine gamle og jetflyskadde øyrer var det vanskeleg å få alt med seg. Men eg høyrde spørsmål om favorittmat, om han var streng, om han gret nokon gong, om kva som kunne gjera han sint, og fleire andre. Biskopen kom godt frå alle førsøk på å vippa han av pinnen. Noko anna var vel heller ikkje å venta. Men lat det vera sagt – stor ros til dei 3 unge for ei naturleg gjennomføring av innslaget. For min generasjon ville det vore utenkjeleg i deira alder å kunne koma i nærkontakt med sjølve biskopen i Stavanger stift..



*På festkvelden i Tysvær Soknehus fekk tre ungdommar "fyra laus" med spørsmål til biskopen. "Heilt utenkjeleg i min ungdom, men fint gjennomført", skriv referenten.*

Biskopen sitt tema for festtalen var "Framtidsvisjonar for folkekyrkja". Emnet er vidtfemnande, og mange var sikkert spente på kva vinkling biskopen ville ha på talen sin. Gjennomgangstemaet var Jesu ord: Følg meg. Når vi ser framover tek alt til med Jesus. Jesus kallar dei unge til å følgja seg. Det er grunn til å tru at Jesu læresvainar var heilt unge menneske. "Følg meg" er også eit ord til dei som er utrygge pga. situasjonen i verda omkring oss. Jesus er kjentmann i alle situasjonar i livet.

Kyrkja må ikkje vera ei kyrkje som tilpassar seg berre nye ting. Dersom den gjer det, vert den uinteressant. Heller ikkje må den tvihalda på det gamle, men skilja mellom mote og det som var rett i tida.

Kyrkja må ha eit auga for dei som til vanleg ikkje er å finna i kyrkjer og bedehus. Vi må hugsa på at ei lita tru kan bli større. Vi må ha ei open folkekyrkje. Vi vil også ha ei kyrkje som står for noko, og som bærer. Ei sunn Kristustru og levande bibeltru. Kyrkja må vera ei kyrkje som får fram det beste i oss. Vi har alle forskjellige nådegåver. Vi treng ei kyrkje som er open for fornying – m.a. ei fornying som kan gi oss meir innsikt i den kristne trua. Kyrkja oppstår på ny og på ny når nokon tar imot kallet: Følg meg !

Matøkt er eit viktig innslag på ein fest. Speidarane og Bondekvinnelaget stod for serveringa.



*Born kjem som dei er, også ved bispevisitas. Under visitasen oppfordra biskopen, med god støtte i Bibelen, dei vaksne til å bli som born. Frå våpenhuset i Nedstrand kyrkje*

Folk fekk høve til å slå av ein prat med sidemannen, noko som også høyrer med til ei festleg samkome. Ved slutten av festen fekk biskop, prost og stiftskapellan med seg ei lita gåve.

Dramagruppa Joy slutta av med eit alvorleg og tankevekkjande innslag med tittelen: "Har ikke tid til å tenke på Gud". Med framføringa si synte dei korleis menneske gong på gong gjennom livet vart kalla av Gud, men dei hadde ikkje tid tid å tenkja på slikt. Til slutt var det for seint til å tenkja på Gud.
*Sigve Djursvoll*



*Skjoldastraumen barnekor syng i Nedstrand kyrkje under visitasen*

## VISITAS I NEDSTRAND OG SKJOLDASTRAUMEN

Fredag 26. oktober var avsett til vitjing i Nedstrand og Skjoldastraumen sokn. Dagen starta for biskopen og hans fylgje med ei vitjing i Skjoldastraumen kyrkje, der gjestene fekk ei lita innføring i det kyrkjelege livet i denne bygda. Deretter gjekk turen til Nedstrand, der skulane i både Nedstrand og Skjoldastraumen møtte i samla flokk til skulegudsteneste. I tillegg var dei eldste i Hinderåvåg barnehage også med på gudstenesta. Slik blei kyrkja på det næraste full. Dette var også første skulegudstenesta for Dag Tormod her hos oss.

Eit festleg innslag i gudstenesta var barnekoret i Straumen, leia av Ada Høvring, som gledde oss med frisk og fin song. Det er å vona at de vil ta turen inn att ved eit anna høve. Vegen er ikkje så lang mellom bygdene våre, så vi skulle sjå og vitja einannan oftare!

Seinare på dagen var biskopen både på Nedstrandtunet og Tveit, og han fekk sjå seg litt om i bygda før han møtte av- og påtroppande sokneråd til ei uformell samling på Grendasenteret på Stranda. Dagen blei avslutta med festleg samvær på Nedstrand Bygdahus, der biskopen talte, og Landbrukskvartetten og Urias deltok med song. Same kvelden var der fotballfest nede i storesalen, og det hadde ikkje vore biskopen imot å heller delta der, fotballinteressert som han er. Neste gong burde vi samarbeida og slå festane i hop, meinte han.

Asbjørn Salte, biskopen si "høgre hand", måtte gjera seg brysk for at dei skulle koma avgarde i tide, slik at dei kunne nå ferja i Arsvågen, for Baasland ville så gjerne helsa på alle deltakarane på festen. Så vi takkar for triveleg

møte med ein "likandes kar", som vi opplevde som ein biskop med ekte interesse for menneska han møtte.
*Ellen S. Ellingsen*

**FESTGUDSTENESTE PÅ BOTS- OG BEDEDAG !**
Siste dagen av visitasveka, søndag 28. oktober, var det felles gudsteneste i Aksdal kyrkje for alle soknene i Tysvær prestegjeld. Biskop Ernst Baasland preika, og prost Arne Øystese framførte liturgien. I tillegg deltok alle prestane våre: Arne Aurdal, Helge Gaard, Dag Tormod Milje og Arne Hanssen. Soknerådsleiarane sto for skriftlesinga. Frammøtet var godt, og mest alle sitjeplassane i kyrkja var i bruk.

Det var bots- og bededag denne søndagen, og biskopen tala over Matteus 7, 7-14, der Jesus startar med orda "Be, så skal de få". I preika framheva Ernst Baasland barnet sitt naturlege forhold til å be og koma fram med sine gleder, sorger og tankar. Barnet har evna til å be frimodig, utan alltid å ha den store oversikten over korleis svaret kan koma eller kva slags svar det kan bli. Jesus oppmodar dei vaksne til å bli som barn, og det gjeld også i bøna til Gud, sa biskopen. Mange song- og musikkinnslag var med på å gjera vititasgudstenesta til ei festgudsteneste. Dei som bidrog til dette, var i tillegg til organisten vår: Tysvær blanda kor med særs fin liturgisk song under nattverden, barnekoret Gla'sang (dirigent: Solveig Eriksen) med kristne barnesongar og imponerande gode solo-innslag, og Kari Eriksen med flott fløytespel.

Bispevisitasen blei avslutta med middag på Stemnestaden, open middag med påmelding, og med mange deltakarar frå dei fire soknene i prestegjeldet. Men mellom gudstenesta og middagen var det først visitasforedrag ved biskopen. Visitasforedraget er ei gjennomgang av "rikets tilstand" i menighetene, med omtale av kva som fungerer godt, kva som kan gjerast betre og forslag til satsingsområde i tida framover. Det er eit omfattande dokument, og ligg ikkje føre i endeleg, skriftleg form når dette nummeret av Kyrkjetonar vert redigert. Eit lite referat frå aktuelle delar av foredraget kjem til å stå i neste nummer av bladet.

*Red.*



*Gla'sang syng under visitasgudstenesta i Aksdal*



*Forfrå: Sokneprest Arne Aurdal, kapellan Helge S. Gaard og biskop Ernst Baasland*

## Tysværvåg K/M-klubb

**Program våren 2002:**
Klubben har arrangement følgende datoer:

| | | |
|---|---|---|
| Jan. | 12 | Idrettskveld |
| " | 26 | Programkveld |
| Febr. | 9 | Idrettskveld |
| Mars | 9 | Programkveld |
| " | 23 | Idrettskveld |
| April | 6 | Programkveld |
| " | 20 | Idrettskveld |
| Mai | 4 | Programkveld |
| " | 17 | 17.mai-arrangement sammen med Førre-Aksdal K-M-klubb |
| Juni1 | | Idrettskveld |
| " | 15 | Avslutning, båttur |

Klubben er for ungdom fra 8. klasse og oppover.
Idrettskveldene starter i gymsalen på skolen og avsluttes på Soknehuset, hvor en har forskjellige aktiviteter som biljard, bordtennis, dataspill m.m.

På programkveldene har vi et variert program som film, karaoke, naturprogrammer osv. Møt opp på treffstedet i Tysværvåg på lørdagskveldene, Tysvær Soknehus.

## Vårprogrammet for KM-klubben i Aksdal kyrkje

Klubben er for ungdommer fra 8.klasse, og møtes lørdager fra kl.20. Møtestedet er underetasjen i Aksdal kyrkje, inngang fra siden mot idrettshallen. Vi ber ikke minst foreldrene merke seg kveldene som er satt opp for våren 2002: 12.januar, 26.januar, 9.februar, 23.februar, 9.mars, 6.april, 20.april, 4.mai og 17.mai (fredagen). I tillegg inviterer klubben til ski- og slalåmhelg på Seljestad 12.-14.april.

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?
Kirkens SOS 815 33 300
ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

# SILGJERD
## SØNDAGSSKULE

"Til søndagsskolen går min vei, der er det godt å være. Der alltid Jesus møter meg, han vil vi prise og ære." Ja, slik har det vore sunge mange gonger på bedehuset på Silgjerd. Kanskje var det ikkje akkurat den songen dei song i skikkeleg gamle dagar, men songen om Jesus var det iallfall! Det har vore søndagsskule her i bygda i mange, mange år. Kor lenge veit eg ikkje, men mange eldre menneske snakkar varmt om søndagsskulen på Silgjerd og dei som var leiarar på den tida.

I dag har me ikkje lenger samlingane på bedehuset på Silgjerd, men i staden brukar me skulen i Espevik. Me er to vanske leiarar som skifter på å ha ansvaret for søndagsskulen: Sissel Tendeland og Gunvor Hustoft.

Kvar fjortande dag kjem born frå både Muslandsvåg og Espevik til samlingane, til vanleg 10-12 born. Me syng mykje, løyser ulike oppgåver og fargelegg situasjonar frå bibelforteljingane. Av og til leikar me saman. På magnettavla står det: "Eg vil fylgja Jesus", og under dette set borna sitt eige ansikt som dei har laga sjølv. Treknapp med magnet og garnrester til hår er eit godt utgangspunkt. Før jul har me juleverkstad saman med barneforeninga. Då får dei vaksne vera med (det hender at det er vaksne på søndagsskulen òg!).

Det er flott å sjå dei små gutane og jentene som kjem med søndagsskule-netta sine i handa. Forventningsfulle, glade og tillitsfulle tek dei plass rundt bordet. Og så er det kjekt med dei store som kjem! Det er synd at mange sluttar så tidleg å gå på søndagsskulen, men me er ekstra glade for dei som kjem. Dei hjelper oss med å dela ut stjerner til frammøte-korta, hjelper dei minste når det er bruk for det, og så kan dei mykje!

Det er eit stort ansvar å ha søndagsskule, men så er det òg ei stor glede. Tenk å få lov til å fortelja borna om Jesus! Det er jo det som er meininga med søndagsskulen, at borna skal få bli betre kjent med Han. Alle små (frå tre år) og større born er velkomne til søndagsskulen i Espevik.
Helsing
*Gunvor Hustoft*



*I halvsirkel frå venstre: Daniel Silgjerd, Erik Silgjerd, Audun Tendeland, Lise Heidi Tendeland, Ludvig Runestad, Olav Runestad og Elisabeth Runestad. Inne i halvsirkelen frå venstre: Kamilla Vetrhus og Anna Espevik*

# Informasjon frå kyrkjeverja

**INFORMASJON FRÅ KYRKJEVERJA**

Vigsling av Tysvær nye kyrkjegard

Vigslinga av den nye, utvida delen av kyrkjegarden i Tysvær gjekk føre seg etter gudstenesta søndag 8. oktober 2001. Rundt 30 personar samla seg på den nye gravplassen der prost Arne Øystese leia vigslingshandlinga. Fleire tidlegare klokkarar og kyrkjetenarar deltok med skriftlesing. Etterpå var det kaffi med kake, servert frå det nye driftsbygget.



*Den nye delen av Tysvær kyrkjegard vert vigsla*

Det er ca. 2 mål som nå er utbygd, og utvidinga har plass til 218 nye graver. Driftsbygget inneheld garasje, verkstad, matrom, dusj og toalett.

Utbygginga av gravplassen kom på kr. 2.260.295, og driftsbygget kosta kr. 536.734. Totalt blir dette kr. 2.797.029. Utbygginga har medført at heile kyrkjegarden har fått eit "løft" og ser velhalden og fin ut. Takk til Tysvær kommune som har betalt det heile.



*Kyrkjeverje Terje Fjeldheim*

**SOKNERÅDSVALET 2001**

Soknerådsvalet 2001 gjeld for perioden 2002-2005 og blei

gjennomført i kyrkjene 14. og 21. oktober. Det syner seg ikkje å vera stor interesse for dette valet. Dette kjem også til uttrykk hos oss, der vi oppnådde slik oppslutning:

| | |
|---|---|
| Nedstrand sokn: | 5 % valdeltaking. |
| Førresfjorden sokn: | 4,1 % valdeltaking. |
| Tysvær sokn: | 3,5 % valdeltaking. |

I ein del andre menigheter i Den norske kyrkja har det i år vore ei prøveordning med å avvikla valet samstundes med stortingsvalet. Det vi veit til no, er at valdeltakinga har auka sterkt på desse stadene.

Kven som blei valt inn i sokneråda, finn du på side 10. *TF*





*Etiopia*

*Femten barn (andre generasjons kristne) blir døpt i Sirba, Etiopia*

# Hilsen fra Etiopia

*Kjære alle dere som leser "Kyrkjetonar"*
En liten hilsen fra oss i Addis Abeba. Det er slutt på regntiden, og solen skinner hver dag. Det er mange fine blomstrende trær i byen her. Akkurat nå er jakaranda-trærne begynt å blomstre.

Vi har nettopp tatt imot en ny misjonær, Ann Gjertrud Moe, sykepleier fra Løddingen. Hun skal inn i helsearbeidet i Agalo Meti i Blånil-dalen. Men først skal hun bruke ni måneder på å lære språket, gumuz. Be for henne, at hun må trives i Agalo, og at språket vil gå greit. Hun vil bo og arbeide sammen med et ungt ektepar, Lillian og Per Ivar Våje, som nå har vært her i to måneder.

Vi skal reise med henne inn til Wollega og se henne vel installert i sitt nye hjem og arbeidssted. Det er en lang reise, og vanskelig vei på slutten. Særlig den lange og bratte nedstigningen fra høylandet og ned i dalen er ekkel, den er så bratt og steinete.

I Wollega skal vi ha samtaler med synodens folk, både om prosjekter og økonomiske spørsmål. Det er viktig å ha god kontakt med ledelsen i Vest-synoden av kirken, som er Det Norske Misjonsselskap (NMS) sin nærmeste medarbeider og samarbeidspartner. Det skal være møte i Prosjektkomiteen for landsbyutviklings-prosjekter i Sirba og Agalo Meti. Det er søkt om Norad-midler til en ny femårs periode, og nå er strukturene så godt på plass at vi håper å få gode resultater og fin framgang i prosjektet i tiden framover. Prosjektet har flere komponenter, både helse, jordbruk og evangelisering.

Magne har mye å gjøre med det praktiske, både når det gjelder misjonærenes arbeidsforhold, men også med vedlikehold av hus og biler, rapporter til ambassaden, til NMS og til kirken her.

Jeg (Hanne) arbeider til daglig på Nødhjelpskontoret til kirken og er med på møter mellom kirken og samarbeidspartnerne. Det er et godt, felles nødhjelpsapparat som trår til når tørke, flom, krig eller andre ulykker rammer. Folk lever på et minimum, og klarer ikke et år med dårlig avling. Det er katastrofe hvis kaffebuskene får sopp-sykdom, eller når maisen blir plantet i fruktbar jord langs elveleiet, og det blir flom. Jordbruket er primitivt, det er dårlig avkastning pr. hektar, og mye tungt arbeid.

Helsetilstanden er heller ikke så bra. Jeg kan nevne i fleng de viktigste årsakene: HIV/AIDS, tuberkulose og malaria. Kvinnene er ofte utslitt etter mange barnefødsler, gjennomsnittlig 6 - 7 barn pr. kvinne. Barna blir underernært fordi det er for mange munner å mette.

Men både i landsbyutviklings-prosjektet og i Nødhjelpen er det mulig å gjøre noe for å hjelpe. Det beste er når hjelpen fører til kunnskap og bedret økonomi for familien. Men av og til er også direkte matvarehjelp nødvendig. Det er når avlingen slår feil av en eller annen grunn.
Kirken har et helhetlig menneskesyn, og ønsker å hjelpe mennesker, både åndelig og legemlig. Vi er med og støtter opp så godt vi kan.

Addis Abeba, 13. november 2001
Vennlig hilsen
*Hanne og Magne Smørdal*

## Helsing frå Mali

*til alle i Tysvær prestegjeld*

Lyse morgonar og sol frå skyfri himmel! Det er ei velsigning i november for ein nordmann. I det heile er det greitt å vere nordmann i Mali i vintermånadene. Lys om morgonen, varme om dagen og kjølige netter. Kveldane er rett nok tidleg mørke, men oftast sprakar himmelen av uendeleg mange stjerner, og månen lyser i si faste rute.

Livet går sin faste gong her ute, mykje er som før, men vi lever og andar i fred. Og det er stort i desse dagar, på så mange vis. Vi veit likevel om at vi står i ein kamp som kan gje seg utslag i mange ting. I det store og heile er det ein kamp mellom det gode og det vonde. I dag er det gode blitt relativt. Det er blitt diskriminerande og imperialistisk å ha ei overbevisning. Men vi trur at nett det går an: Ha eit trusfundament og ei overbevisning i møte med menneska og livet. I respekt for einskildpersonar og folkegrupper. Og vi meiner at vi er med å formidla det gode. Det gode i Jesus Kristus, Frelsaren, og i menneskesynet han formidlar til oss.

"Ver du i striden mitt skjold
og mitt sverd;
ver du det merket som syner
mitt verd,
livd for mi sjel, den tryggaste vakt.
Lyft meg mot himlen, du makt i mi
makt!"  (Batt/ Barratt)

Vi opplever at vi får motta av det gode liv i Mali. Det kjenner vi i møtet med personen og Gudesonen Jesus Kristus og i det gode møtet mellom menneska vi får kontakt med her. Kulturen her formidlar verdiar som vi har kopla for mykje ut: gjestfridom, tid og fellesskap.

Bibelen er full av visdom og håp, viss vi gjer oss tid til å lesa. Berre å lesa og grunna på Ordet, har liv i seg sjølv! Berre prøv! Dette verset fortel noko om kva Gud har tiltenkt dei som elskar han:

"Det auga ikkje såg,
det øyra ikkje høyrde,
det som ikkje kom opp
i nokon mennesketanke,
alt det Gud har gjort ferdig
for dei som elskar han"
(1. Korintarbrev 2, 9)

Vesle Ingeborg er frisk og fin. Ho har stor sans for å få sitje i "bamberangå" på ryggen til Ramata, eller Gunhild. Mamma sjølv må passe ein "luren rygg",

men vi får besøk av familie til jul og har bede dei ta med eit barnesykkelsete og hjelm! Då får vi "jalla" litt meir rundt i landsbyen. Ingeborg er nemleg tung, men ho elskar å sjå seg om, og syg inntrykk. Det er ufatteleg spanande med eit lite nytt menneskebarn, vi undrar over kva for tankar ho gjer seg. Gunhild er ei god storesyster, men må sjølvsagt gå på skulen. I det store å heile er det visst veldig kjekt. To elevar og ein lærar, krypdyr, fuglar og insekter i mengder. Den grøne papegøyen til Ole sit på sykkelstyret eller ei grein og ventar på friminutt.

Bibelskuleåret startar ved nyttår. Framover no er det førebuingar og oppfylging av studentane som går – og skal gå der. Gjermund reiser også for å besøkje kristne og små kyrkjelydar rundt omkring. På desse turane reiser han i lag med einskilde av dei kristne leiarane i kyrkja. Det er viktig å ikkje dra åleine, men bruke fellesskapet. Det er eit godt prinsipp og gjev betre kontinuitet og tryggleik i møta. Presten Gjermund har i det siste også frimodig utfordra kyrkja til å få laga nattverdsutstyr i tre. Det har ikkje vore tradisjon for noko skikkeleg utstyr, så nå har dei byrja så vidt. Det er idéen å bruke materialer som er å finne her.

Administrasjon, helse og prosjektarbeid er i Gunn-Marit sitt lodd. Noko av det kjennest av og til som eit lodd også, og det tek mykje tid. Vi ha jo ei lita jente



*Familien Lygre*

også! Det aller kjekkaste, og noko som ho ynskjer å få arbeida meir med, er å hjelpe kyrkja til å utvikle diakonitanken. Vi treng alle ei sensibilisering i så måte. Nå har vi oppretta ein komite med fire personar; to kyrkjeleiarar og to misjonærar. Vi skal i saman sjå på korleis vi kan undervise, be og utfordre folk med nådegåver til å spesielt ta seg av diakonien i kyrkja. I tillegg er vi i startgropa for fleire småprosjekkt.

Denne hausten feirar Mission Protestante Norvégienne jubileum. Det er 20 år sidan Santalmisjonen, nå Normisjon, starta arbeidet i Mali. Sidan den gong har Église Évangélique Lutherienne à l'Ouest Mali blitt planta som eiga, sjølvstendig kyrkje (1993). Det Nye Testamentet er snart ferdig oversett til khassonké. Alfabetisering, helsearbeid og vegbygging har kome i kjølvatnet av dette.

Kor lenge vi får vera her veit vi ikkje. Det er presidentval til våren, og styresmaktene i eit land har mykje å seie for religionsfridom og menneskesyn. Det er eit bøneemne. Vi veit at mange kristne i Afrika har tøffe livsvilkår. Det kan vere tøft å halde fast på den gode: Jesus Kristus. Det er òg eit bøneemne.

Fire tysværbuar i Mali ynskjer Kyrkjetonar sine lesarar fred i tanke og sinn.
*Ingeborg, Gunhild, Gunn-Marit og Gjermund J. Lygre.*



*Malinké i stammen sin tradisjonelle festdrakt*

## *Biskopens julehilsen til menighetene*

# Skal du hjem til jul ?

Spørsmålet vil henge i lufta mange steder i disse ukene. For det er virkelig godt å komme hjem til jul. De som har vært i utlandet i noen år, vet det spesielt godt. Aldri tenkte vi mer på hjemmet enn da det var jul. Aldri var det deiligere å sette seg på tog og fly enn da julen nærmet seg. I våre tanker så vi huset, kjente på luktene, følte på stemningene, så for oss julepynten, tenkte varmere tanker om familien enn ellers.

